

Cecilie Rørstad

Notat 8/2011

**Velferdsundersøkinga 2011
ved Høgskulen i Volda**

Tittel	Velferdsundersøkinga 2011 ved Høgskulen i Volda
Forfattar	Cecilie Rørstad
Notat	8/2011
Sider	29
Prosjektleiar	Gunnar Stave
Prosjektittel	
Oppdragsgjever	Høgskulen i Volda
Referanse oppdragsgjever	Anne Øie
Ansvarleg utgjever	Møreforskning Volda
ISSN	1891-5973
Distribusjon	Open http://www.moreforsk.no/default.aspx?menu=933 http://www.hivolda.no/fou
Nøkkelord	Studentvelferd, utdanning, studietilbod, trivsel, livskvalitet

Målet med undersøkinga har vore å avdekkje korleis studentane opplever studiekvardagen i Volda og at studentane skal verte gitt høve til å kome med forslag til tiltak for å betre studiekvardagen. Det er låg svarprosent på undersøkinga totalt sett. Det er usikkert kva som er årsaka til dette.

Generelt er det overvekt av dei som har svart som seier at dei trivest svært godt eller godt ved HVO og på fritida i Volda. Det same gjeld i kva grad dei vil anbefale andre å studere ved HVO. Det ser også ut til å vere internett som har vore hovudkjelda til informasjon om studiet deira. I den grad studentane har hatt behov for meir informasjon om HVO har dei vore fornøgde med informasjonen dei har fått når dei har vendt seg til Sørviskontoret.

For dei andre spørsmåla som er stilt, er det svært få av studentane som har kryssa av for dei mest negative svaralternativa. Det er i hovudsak inneklima som peikar seg ut som det studentane er minst fornøgde med.

I forhold til korleis studentane vurderer kva moglegheit dei har for å påverke studiekvardagen, er det nesten halvparten av dei som ikkje bur i Volda/Ørsta som ikkje veit dette.

© Forfattar/Møreforskning Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforskning Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

FØREORD

Dette notatet er utarbeidd av Møreforsking Volda for Høgskulen i Volda (HVO), og inneheld ei analyse av data frå velferdsundersøkinga gjennomført ved HVO våren 2011. Læringsmiljøutvalet (LMU) ved HVO har laga utkastet til spørsmål med tanke på gjennomføring av spørjeundersøkinga. Ved Møreforsking har Gunnar Stave vore prosjektleiar. Finn Ove Båtevik og underteikna har tilpassa spørsmåla til bruk i ei kvantitativ spørjeundersøking. Erlend Krumsvik har vore behjelpelig med Questback, og underteikna har stått for analyse av data og å føre dette notatet i pennen

Volda, 23.05.2011

Cecilie Rørstad
Møreforsking Volda

INNHOOLD

1	OPPSUMMERING	9
2	MATERIALE OG METODE	11
2.1	Bakgrunn for undersøkinga.....	11
2.2	Formålet med undersøkinga.....	11
2.3	Datainnsamling og metode.....	11
2.4	Oppbygning av rapporten	11
3	RESULTAT	13
3.1	Kven har svart?.....	13
3.2	Informasjon frå og om HVO	14
3.3	Undervisning og medverknad	15
3.4	Velferds- og sørvistilbod	17
3.4.1	Studentsamskipnaden for Sunnmøre (SfS)	21
3.5	Volda som studiestad.....	25
3.6	HVO – samandrag av opne svar	27
3.6.1	Undervisning	27
3.6.2	Rettleiing	27
3.6.3	Informasjon	27
3.6.4	Undervisingsrom og bibliotek	27
3.7	SfS- samandrag av opne svar	28
3.7.1	Studenthyblar	28
3.7.2	Fritidstilbod	28
3.7.3	Kantine	28
4	OPPSUMMERING	29
4.1	Hovudfunn	29

1 OPPSUMMERING

Dette notatet omhandlar korleis studentane ved HVO opplever studiekvardagen ved høgskulen og dei tilboda som HVO og Studentsamskipnaden tilbyr. Funna tyder på at studentane i hovudsak er trivest godt som studentar ved HVO og jamt over er nøgde med dei tilboda dei kan nytte seg av ved høgskulen.

2 MATERIALE OG METODE

2.1 Bakgrunn for undersøkinga

Læringsmiljøutvalet (LMU) ynskte å få gjennomført ei undersøking som omhandla studentvelferd og læringsmiljø ved Høgskulen i Volda (HVO) og tok initiativ til dette våren 2010. LMU utarbeidde vidare eit utkast til spørjeundersøking retta mot studentane ved HVO. Møreforskning fekk i oppdrag å tilpasse spørsmål og svaralternativ med tanke på distribusjon via det webbaserede innsamlings- og analyseprogrammet Questback til alle studentane ved HVO.

Etter gjennomarbeidinga av spørjeundersøkinga vart den sendt attende til Høgskulen i Volda for endeleg godkjenning og igangsetting av datainnsamlinga.

Gjennom denne rapporten har Møreforskning Volda analysert datamaterialet innanfor dei rammene undersøkinga tillet.

2.2 Formålet med undersøkinga

Formålet med undersøkinga er å få eit bilete av korleis studentane opplever studentkvardagen ved HVO. Dernest har intensjonen vore å få innspel på kva tiltak studentane meiner er viktige for å betre studentkvardagen.

2.3 Datainnsamling og metode

Datainnsamlinga vart gjennomført av Møreforskning Volda av praktiske årsaker. Spørjeskjema vart distribuert via lenke i e-post til alle registrerte studentar ved Høgskulen i Volda, basert på e-postliste oversendt frå HVO.

Informasjon om undersøkinga vart i tillegg til den aktuelle e-posten og purring, gjeve gjennom at LMU informerte om undersøkinga på Høgskulen i Volda si heimeside. Det vart også informert om at dei som svarte på undersøkinga var med i trekninga om ein iPad.

Datainnsamlinga vart gjennomført i perioden 10. -24. mars 2011.

Spørsmåla i spørjeundersøkinga hadde lukka svaralternativ på alle spørsmål utanom dei to siste, som var opne, noko som inneber at studentane med eigne ord kunne framheve kva dei la vekt på.

Det var i spørjeskjemaet lagt opp til at studentar som ikkje budde i Volda eller Ørsta skulle svare på spørsmål som omhandla studentbustader og studentbarnehagetilbod.

2.4 Oppbygning av rapporten

Denne rapporten baserer seg på data henta ut frå Questback og relevante funn i dei opne svarkategoriane. Spørsmåla omhandlar både dei pedagogiske tilhøva, bygningsmessige kvalitetar, butilhøva og velferdstilboda ved Høgskulen i Volda (HVO).

Ansvar for disse tilhøva ligg både direkte til Høgskulen i Volda og til Studentsamskipnaden for Sunnmøre (SfS).

Rapporten si inndeling har teke utgangspunkt i innhaldet i det utsendte spørjeskjemaet etter dette oppsettet:

- Kven har svart
- Informasjon frå HVO
 - Undervisning og medverknad
 - Velferds- og sørvistilbod
 - Trivsel
 - Forslag til HVO om endringar
 - Forslag til Sfs om endringar

3 RESULTAT

3.1 Kven har svart?

Invitasjon til deltaking vart sendt ut til alle studentar ved HVO. Det er totalt 3268 studentar ved HVO vårsemesteret 2011. Det er 615 av desse som har svart på undersøkinga. Dette gir ein låg svarprosent. Det er usikkert om alle studentane brukar e-postkontoen som dei er tildelt av HVO. Av dei som har svart er det om lag 70 % som er heiltidsstudentar. 74 % av dei som har svart er kvinner. Om lag 53 % av dei som har svart bur i Volda eller Ørsta. I undersøkinga har det ikkje vore lagt opp til at studentane skal spesifisere kva studieretning dei går på, då formålet med undersøkinga har vore den generelle studentvelferda basert på studentane sine egne opplevingar og erfaringar som student ved HVO.

3.2 Informasjon frå og om HVO




Diagram 3.1.: Kvar fann du informasjon om ditt studium før du begynte ved HVO

Som det går fram av dette diagrammet har heile 85 % av dei som har svart brukt internett som hovudkjelde til informasjon om studiet i Volda i forkant av studiestart. I den grad dei hadde behov for meir informasjon om studiet sitt tok om lag 48 % ytterlegare kontakt med HVO for meir informasjon.

I høve til informasjon om tidspunkt for studiestart meiner 77% av dei spurte at dei får tidsnok informasjon om studiestart. Vidare meiner om lag 88 % at dei får tidsnok informasjon om tidspunkt for eksamen.

3.3 Undervisning og medverknad




Diagram 3.2.: I kva grad har studiet svart til forventningane dine når det gjeld fagleg kvalitet?

I desse tabellane har studentane svart i høve til ein skala der 5 er i svært høg grad og 1 er i svært låg grad. Tabellen viser at studia i stor grad har svart til forventningane studentane har hatt, og at nesten 30 % seier at studia i svært høg grad har svart til forventningane deira og over 40 % meiner at studiet i høg grad har svart til forventningane deira.




Diagram 3.3: Kor fornøgd er du med den faglege oppfølginga undervegs i studiet?

Dette diagrammet omhandlar også det faglege innhaldet ved studiet, men her var spørsmålet vinkla mot korleis den einkilde studenten opplever sin situasjon basert på egne erfaringar. Her er det 20% som er svært fornøgde, i overkant av 35% som er fornøgde med den faglege oppfølginga og i underkant av 25 % som er middels fornøgde.




Diagram 3.4.: I kva grad meiner du studentane kan påverke sin eigen faglege studiekvardag ved HVO?

I dette diagrammet representerar dei lysegrå stolpane dei som er heiltidsstudentar, medan dei mørke omfattar dei som er deltidsstudentar. Studentane har her svart utifrå ein skala 1-5 der 1 utgjer i svært lita grad og 5 i svært stor grad. Dei har også hatt moglegheit til å svare veit ikkje, som i denne figuren utgjer søylene lengst til høgre. Denne tabellen viser at studentane opplever at det til ei viss grad er mogleg for dei å påverke den faglege studiekvardagen sin ved HVO. Dette gjeld både heiltidsstudentane og deltidsstudentane. Samstundes er det over 40% av

deltidstudentane som har kryssa av for "veit ikkje" på dette spørsmålet. Dette kan skuldast at dei i mindre grad er ein del av studentmiljøet ved HVO og difor ikkje har føling med i kva grad studentane kan påverke studiekvardagen.




Diagram 3.5: I kva grad har studiet svart til forventningane dine når det gjeld pedagogisk kvalitet?

Når det gjeld samsvar mellom forventningar og opplevd pedagogisk kvalitet er ikkje svara like eintydige. 35 % har svart i stor grad og om lag 20 % har svart i svært stor grad. Nesten 30 % har kryssa av for det midtre alternativet.

3.4 Velferds- og sørvistilbod

Spørsmåla som vart stilt knytt til velferds- og sørvistilbodet omhandlar både kvaliteten ved lokalitetane på campus og den sørvisen studentane opplever at dei får. Dernext omhandlar spørsmåla korleis studentane opplever tilboda frå Studentsamskipnaden for Sunnmøre (SfS) knytt til studentbustadar, bokhandel, kantinedrift og andre velferdstilbod. Denne gjennomgangen vil difor først gå gjennom data som omhandlar HVO sine tilbod og deretter SfS sine tilbod




Diagram 3.6: Kva tykkjer du om inneklimaet ved HVO?

Som det går fram av diagrammet er hovudtyngda av dei som har svart middels fornøgd med inneklimaet på HVO. I lys av kommentarane som går på inneklima i spørjeskjemaet er det i hovudsak undervisningsromma på Kaarstad-bygget studentane meiner at inneklimaet kan betrast, men også Aasen og Strøm er det fleire som nemner i høve til forbetringspotensiale. Nokre av studentane ser inneklimaet i samanheng med at det er mange studentar på relativt små undervisningsrom og at dette verkar negativt inn på inneklimaet.




Diagram 3.7: Korleis tykkjer du tilgangen til datamaskiner er ved HVO?

Diagrammet viser at studentane er fornøgde med tilgangen til datamaskiner til bruk for studentane ved HVO, då det er flest som har svart 4 og 5 i dette diagrammet. Av dei som bur andre stader i landet er det nesten 50% som har kryssa av for "veit ikkje".




Diagram 3.8: Kva tykkjer du om tilgangen på grupperom ved HVO?

Når det gjeld tilgangen på grupperom er det flest som tykkjer det er god eller middels tiggang på grupperom ved HVO. Om lag halvparten av dei som bur andre stader i landet har svart veit ikkje på dette spørsmålet.




Diagram 3.9: kva tykker du om kvaliteten på grupperomma ved HVO?

Nesten 15 % av studentane er svært fornøgde og 30 % er fornøgde med kvaliteten på grupperomma. 20 % av studentane er middels fornøgde med kvaliteten. Det om lag 25 % som har svara "veit ikkje" på desse spørsmåla.




Diagram 3.10: Hjelp frå sørvisorget i Berte Kanutte-huset.

Studentane vart spurt om dei var samd eller usamd i at dei fekk god hjelp frå sørvistorget. Det ser ut til at studentane i all hovudsak er fornøgde med den hjelpa dei får på sørvistorget. Samstundes seier om lag 25% at dei ikkje har nytta seg av dette tilbodet.




Diagram 3.11: Biblioteket sine lokale.

Studentane er svært fornøgde eller fornøgde med biblioteket sine lokale ved HVO. Tilsvarande fordeling finn me når det gjeld tilbodet biblioteket har.

3.4.1 Studentsamskipnaden for Sunnmøre (SfS)

Når det gjeld SfS sine tilbod ved Høgskulen meiner vel halvparten av studentane som bur i Volda at kantina ved HVO fungerer som samlingspunkt. Av dei som ikkje bur i Volda/Ørsta er det vel 40 % som meiner kantina fungerer som samlingspunkt. Det er vidare 10 % av dei spurte som bur i Volda og Ørsta som seier at dei ikkje bruker kantina. Når det gjeld kantina på Kaarstad er fordelinga noko annleis.




Diagram 3.12: I kva grad fungerer kantina på Berte Kanutte som samlingsstad?




Diagram 3.12: I kva grad fungerer kantina på Kaarstad som samlingsstad?

Som det går fram av dette diagrammet seier om lag 33 % av dei som har svart at dei ikkje bruker kantina på Kaarstad. Medan 15 % seier at dei ikkje veit. Av dei som bruker denne kantina meiner hovudtyngda at den i mindre grad fungerer som ein samlingsstad. I dette diagrammet er det ikkje skilt mellom dei som bur i Volda/Ørsta og dei som bur andre stader i landet.




Diagram 3.13: I kva grad finn du pensumbøker på Fagbok?

Når det gjeld studentbokhandelen Fagbok er det om lag 25 % av studentane som har svart som seier at dei ikkje bruker studentbokhandelen. Av dei som bruker Fagbok er det om lag 40 % som seier at dei svært stor grad finn pensumbøker på Fagbok. Studentane fekk også spørsmål om i kva grad dei finn rekvisita på Fagbok. Fordelinga i forhold til svar der er om lag den same som fordelinga i tabellen ovanfor.




Diagram 3.14: Kva tykkjer du om sørvisen du får på fagbok?

Over halvparten av studentane er svært fornøgd med sørvisen dei får på Fagbok.




Diagram 3.15: I kva grad bidreg "Rokken" til studentmiljøet i Volda?

I dette diagrammet er det skilt mellom dei som bur i Volda/Ørsta og dei som bur andre stader i landet. Nesten 50% av dei som bur i Volda meiner at "Rokken" bidrar i svært stor grad til studentmiljøet i Volda, og om lag 20 % meiner "Rokken" bidrar i noko grad. Om lag 10 % av dei som bur i Volda og Ørsta bruker ikkje "Rokken" og om lag 55% av dei som bur andre stader i landet bruker naturleg nok ikkje studenthuset.

Når det gjeld velferdstenestene fekk studentane spørsmål om i kva grad dei kjenner til dei ulike tilboda. Her er det 60 % av studentane som kjenner til helsetenesta og psykologtenesta, medan det er høvesvis 52 % og 26% som kjenner til rådgjevingstenesta for studentar og sosialfagleg rådgjevar. Vidare seier om lag halvparten av dei spurte at dei kjenner til at studentar med små barn har tilbod om avlastning nokre helgar.

2/3 av studentane som bur i Volda og Ørsta bur i ein av Sfs sine studentbustader. Nesten halvparten av desse bur på Heltne. 1/4 bur på Myrane.

3.5 Volda som studiestad




Diagram 3.16: Kor godt trivest du på fritida i Volda?

På dette spørsmålet er det naturleg nok over 60 % av dei som ikkje bur i Volda/Ørsta som har svart veit ikkje på dette spørsmålet. Desse studentane vart likevel stilt dette spørsmålet fordi fleire av dei er i Volda for å delta på samlingar i samband med studiet. Nesten 80 % av dei som bur i Volda/Ørsta seier at dei trivest godt eller svært godt på fritida i Volda. Blant dei som ikkje bur i Volda/Ørsta er det også tydelig at dei fleste trivest godt eller svært godt på fritida i Volda.




Diagram 3.17: Korleis trivast du ved Høgskulen i Volda?

Nesten halvparten av dei som bur i Volda/Ørsta seier at dei trivest godt ved HVO og om lag 35 % seier at dei trivest svært godt.

Tilsvarende prosentvis fordeling finn me i høve til korleis dei som ikkje bur i Volda eller Ørsta trivest ved HVO.




Diagram 3.17: Eg vil anbefale andre å studere ved HVO.

I overkant av 45 % av dei spurde er svært samd og 30 % er samd i påstanden om at dei vil anbefale andre å studere ved HVO. Dette diagrammet omfattar alle som har svart på Undersøkinga.

3.6 HVO – samandrag av opne svar

Studentane vart avlutningsvis i undersøkinga spurt om kva dei meinte HVO kunne gjere for å betre studietida. Mange av dei som svarte hadde synspunkt på dette og nedanfor kjem eit samandrag av dette.

3.6.1 Undervisning

- Vurdere å gjennomgå bruken av obligatorisk undervisning.
- Fleire forelesingar på tvers av fagfelta.
- Evaluering av forelesarar og å lytte til det studentane seier på dette området.

Oppløvere at klager ikkje fører fram.

- Bruke webbaserte forelesingar for nettstudentane.
- Oppdaterte pensumlistar
- Meir komprimert undervisning og heile undervisningsdagar – gunstigare for dei som studentane som pendlar.
- Høve til å bruke PC på eksamen.

3.6.2 Rettleiing

- Overhalde fristar for tilbakemelding.
- Samsvar i tilbakemeldingar.
- Konstruktive tilbakemeldingar.
- Fagleg rettleiar må vere meir tilgjengeleg.

3.6.3 Informasjon

- Lærarar må vere samstemte i informasjonen gitt til studentane.
- Viktig at informasjonen er korrekt.
- Studentweb – behov for forklaring på korleis ein skal gå fram.

3.6.4 Undervisningsrom og bibliotek

- Leggje til rette for bruk av PC i timane med fleire stikkontaktar i klasseromma.
- Betre luftkvalitet.
- Unngå stadige endringar av romtildelingar for forelesingar.
- Gjere delar av den stille lesesalen om til stille arbeidssal. No er det for få stader ein kan jobbe med skriftlege arbeid.

3.7 Sfs- samandrag av opne svar

3.7.1 Studenthyblar

- Fleire studenthyblar for deltidsstudentar.
- Betre vakthald.

3.7.2 Fritidstilbod

- Meir informasjon om dei tilboda dei har og om kva reglar som gjeld på studenthyblane

3.7.3 Kantine

- Sunnare mat og lengre opningstider.

4 OPPSUMMERING

Målet med undersøkinga har vore å avdekkje korleis studentane opplever studiekvardagen i Volda og at studentane skal verte gitt høve til å kome med forslag til tiltak for å betre studiekvardagen. Det er låg svarprosent på undersøkinga totalt sett. Det er usikkert kva som er årsaka til dette.

4.1 Hovudfunn

Generelt er det overvekt av dei som har svart som seier at dei trivest svært godt eller godt ved HVO og på fritida i Volda. Det same gjeld i kva grad dei vil anbefale andre å studere ved HVO. Det ser også ut til å vere internett som har vore hovudkjelda til informasjon om studiet deira. I den grad studentane har hatt behov for meir informasjon om HVO har dei vore fornøgde med informasjonen dei har fått når dei har vendt seg til Sørviskontoret.

For dei andre spørsmåla som er stilt er det svært få av studentane som har kryssa av for dei mest negative svaralternativa. Det er i hovudsak inneklima som peikar seg ut som det studentane er minst fornøgd med.

I forhold til korleis studentane vurderer kva moglegheit dei har for å påvirke studiekvardagen, er det nesten halvparten av dei som ikkje bur i Volda/Ørsta som ikkje veit dette.

